

Kommune



Meland kommune
Plan – utbygging -
kommunalteknikk
5906 Frekhaug

Mellombels bruksløyve

Etter plan og bygningslova (pbl) av 01. juli 2009 § 21-10

Ansvarleg søkjar (namn, adresse)
Byggmester Trond-Ove Rikstad AS
Ievegen 181
5917 Rikstad

Tiltakshavar (namn, adresse)
Knut-Einar Moldekleiv
Vardane 15d
5911 Alversund

Mellombels bruksløyve er gitt for

Eigedom/adresse	Gnr	Bnr	Festenr	Seksjonsnr
Holmeknappen 27a	10	160		1
Holmeknappen 27b	10	160		2

Spesifikasjon

Kva slag bygg/tiltak
Tomannsbustad

Vedtak gjort av

Meland kommune v/ avdeling for plan, utbygging og komm.teknikk

Vedtak dato

11.2.2015

Saksnr

14/3328

Merknader

Kommunen finn at tiltaket eller dokumentasjonen har feil eller mangllar som er mindre viktig i forhold til løyvet og gir derfor mellombels bruksløyve i samsvar med pbl §21-10 for:

Heile bygget

Følgjande del av bygget

Ferdigattest må krevjast når nedanståande arbeid er utført

Må vere fullført
innan (dato)

Det vert vist til søknad om ferdigattest dagsett 22.1.2015. Av telefonsamtale mellom ansvarleg søkjar og kommuneadministrasjonen av 10.2.2015 gjekk det dertil fram at vilkåra for å gi ferdigattest p.t. ikkje er til stades, ettersom byggverket er plassert noko nærmare nabogrense enn kva løyvet tillet. Før ferdigattest kan verte gitt, må det sendast inn *enten* samtykke til faktisk plassering frå aktuell nabo *eller* søknad om dispensasjon for plassering av bygg nærmare enn 4m frå nabogrense, jf. pbl. § 29-4.

Det vert vist til eige, etterfølgjande skriv med nærmare orientering om bakgrunn for avvik og rettleiing om prosessen vidare for godkjenning av plassering.

På denne bakgrunn har ansvarleg søkjar bedt om at føreliggjande søknad om ferdigattest i staden vert handsama som ein søknad om mellombels bruksløyve, noko tiltakshavar har stadfesta i telefonsamtale med kommunen av d.d.

Det må innan 6 mnd. frå d.d. ligge føre enten samtykke til plasseringa frå aktuell nabo eller godkjent søknad om dispensasjon frå aktuelt avstandskrav.

11.8.2015

Garanti for at manglane vert retta Ja Nei

Underskrift

Stad

Frekhaug

Dato

11.2.2015

Stempel/underskrift

Bjarte Buanes

Kopi sendt til

Funksjon	Namn	Adresse
Renovasjon	NGIR I/S	
Funksjon	Namn	Adresse
Funksjon	Namn	Adresse
Funksjon	Namn	Adresse
Funksjon	Namn	Adresse
Funksjon	Namn	Adresse

Orientering og klagerett, gebyrfastsetting mv.

Føreliggjande avgjerd om mellombels bruksløyve er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Vedtaket etter Plan- og bygningsloven inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Gebyr for kommunen si handsaming av søknaden vert ettersendt direkte til tiltakshavar, jf. høvesvis Plan- og bygningsloven § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste («Gebbyrregulativet»). Gebyr ved søknad om mellombels bruksløyve er pt. pålydande kr. 3 000,- jf. Gebyrregulativ (2015) pkt. 10.2.8. Ettersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.